

Referat frå styremøte nr. 8-2020

Dato: 19.05.20

Tid: Kl. 08.30-09.50

Stad: Teams-møte

Til stades frå styret i SR:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda kommune)

Nestleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (kommunalsjef i Ålesund kommune)

Styremedlem Andreas Chr. Nørve (ass. rådmann i Herøy kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 33/2020: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Innkallinga vart godkjend. Som sak til eventuelt var Sunnmøre Soningscenter.

Sak 34/2020: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 7-2020 (11.05.20)

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå førre styremøte vart godkjend.

Sak 35/2020: Årsmelding og rekneskap 2019

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Årsmelding og rekneskap for 2019 var sendt ut til møtet.

Årsresultatet for 2019 var eit underskot på kr. 461.620,- (finansinntekter medrekna). Det var eit overskot i den generelle drifta på kr. 212.413,-. Underskotet kom på prosjekta 1090, 1130 og 1230. Årsresultatet vert ført mot eigenkapitalen.

Det var spørsmål frå styret om kvifor selskapet gjekk med underskot. Dagleg leiar svarte at fylkesmannen heldt tilbake tilskot til prosjekta 1090/1230 i 2019, og at ein arbeider med å få inn andre midlar til desse prosjekta for 2020.

Styret hadde følgjande merknadar til årsmeldinga og rekneskapen:

- Det kunne vore meir utfyllande tekst om kva som er gjort gjennom 2019 innan energieffektivisering.
- Det burde vore tekst i note 1 i rekneskapen, evt. i punkt 2 i årsmeldinga, om at SR si finansiering består både av faste tilskot frå deltakarkommunane og variable inntekter (andre inntekter/prosjektmidlar).
- Det vart kommentert at rekneskapen var på bokmål medan årsmeldinga var på nynorsk.
- Det vart nemnt at det ikkje stod noko i årsmeldinga om arbeidet med Sunnmøre Soningscenter.

Vedtak: Styret godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2019. Årsmeldinga og rekneskapen vert lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

Sak 36/2020: Framtidig organisering av regionrådet

Innleiing ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Tema var framhald av drøftingane om vegen vidare når det gjeld organisering, inklusive samansetting av styre og representantskap.

Styret var samd om å vidareføre organiseringa som interkommunalt selskap fram til det er gjennomført ein prosess med evaluering av SR. For å få kunnskapstilførsel vil styret invitere Geir Vinsand frå Nivi Analyse til å delta på representantskapsmøtet 5. juni.

Når det gjaldt styresamansetting, ønskte styret å halde på forslaget som vart drøfta på førre styremøte. Forslaget legg opp til å halde fram med 7 styremedlemmar, men til forskjell frå i dag skal alle styremedlemmane vere politikarar. For å spegle folketalet i regionen var det forslag om 3 styremedlemmar frå Ålesund kommune og til saman 4 frå dei øvrige deltakarkommunane.

Når det gjaldt samansettinga av representantskapet, var det forslag om ein «trappetrinnsmodell» som gir representasjon etter innbyggjartal, t.d. 3 representantar dersom kommunen har meir enn 50 000 innbyggjarar og 2 representantar dersom kommunen har meir enn 25 000 innbyggjarar.

Forslaga om endring av samansetting i styre og representantskap medfører endringar i selskapsavtalen.

Sak 37/2020: Sunnmøre Soningscenter

Styret var samd om å ta att denne saka på neste styremøte. Tema vert vidare strategi.